



FØREBYGGANDE PLAN 2025 - 2028

**PLAN FOR FØREBYGGING
AV OMSORGSSVIKT OG
ÅTTERDSVANSKAR**

Vedteke i Bjørnafjorden kommunestyre 13.02.25

INNHALD

1. Innleiing	3
1.1. Målsetting med planen	3
1.2. Kva planen bygger på	4
2. Verdier, haldningar og omgrep	4
3. Satsingsområder	7
3.1 Tidleg oppdaging av barn og unge i risiko	8
3.2 Rett hjelp til rett tid	11
3.3 Tverrfagleg samarbeid	13
3.4 Medverknad	14
4. Referansar	16

1. INNLEIING

Barnevern- og oppvekstreforma gjeldande frå 01.01.2022, og ny barnevernslov frå 01.01.2023 inneber ei rekke lovendringar. I reforma får kommunane eit auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Vidare skal endringane styrka førebygging, kompetanse og tydeleggjera kommunen sitt ansvar for barnevernet. Frå 01.01.2022 er det innført ei plikt til å samordne kommunens førebyggjande tenestetilbod retta mot barn og familiar:

Kommunen skal fremme gode oppvekstsvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsvansker. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.

Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen og hvordan etatene skal samarbeide.

barnevernsloven § 15-1

Barn og unge er avhengig av at heile lokalsamfunnet tek del i deira oppvekst. Å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar må sjåast i samanheng med all anna førebygging og det mangfald av tilbod som er tilgjengeleg for barn og unge i Bjørnafjorden kommune. Det er eit mål at denne planen skal bidra til ei overordna forankring og at den blir eit verktøy for å sikre forpliktande og systematisk innsats i kommunen sitt førebyggjande arbeid. Planen er lovpålagt og ein del av kommunen sin heilskaplege barne – og oppvekstpolitikk. Det er ikkje lagt vekt på å beskrive dei ulike tenestene sine lovverk, retningslinjer og føringar som omhandlar kjerneoppgåvene til kvar teneste i planen.

1.1. Målsetting med planen

Vårt felles mål er at alle barn og unge i Bjørnafjorden kommune skal oppleve tryggleik, tilhørslse, trivsel og meistring i familien, i barnehagen, skulen og på fritida. Målet til alle som arbeider med barn, unge og familiar er å komme tidleg i kontakt med dei som treng ekstra bistand og gje rett hjelp til rett tid. Planen beskriv difor dei overordna måla og satsingsområda kommunen har for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

1.2. Kva planen bygger på

Bjørnafjorden kommune har gjennom ei årrekke hatt fokus på utvikling av tenestetilbodet til barn, unge og familiar i samspel med nye statlege føringar. Kommunesamanslåing, barnevern- og oppvekstreform, etablering av Familiens hus og fleire utviklingsprosjekt i kommunen har danna grunnlaget for denne planen.

2. VERDIAR, HALDNINGAR OG OMGREP

Våre verdier

Barn, unge og familiar skal bli sett, høyrte og verdsett. Verdiane til Bjørnafjorden kommune fortel oss korleis vi skal møte barn og unge, føresette, kollegaer og innbyggjarar.



Dette betyr at vi har tilsette som:

- Har fokus på barnet sitt beste
- Involverer og lyttar til barn og unge, og vektlegg synspunkta deira i avgjersler som vedkjem dei
- Bidreg til at barn og unge utviklar meistringstru.
- Er autoritative og fremmer positiv sosial utvikling.
- Viser tillit og anerkjenning i møte med andre.

Barnets beste


Ved alle handlingar som omhandlar barn, utført av offentleg eller private velferdsorganisasjonar, domstolar, administrative myndigheiter eller lovgjevande organ skal barnets beste vera eit grunnleggjande omsyn (artikkel 3, FNs konvensjon om barns rettigheter).

Førebyggjande arbeid

Førebyggjande arbeid er systematisk arbeid som vert utført med mål om å fremje fysisk og psykisk helse, og å jamne ut sosiale forskjellar. Førebyggjande arbeid krev heilskaplege planar, tydeleg leiing, kompetanse, samarbeid på tvers av sektorar, samarbeid med frivillige organisasjonar og gode lokalsamfunn (Forebygging.no).

For å strukturere arbeidet med å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar i Bjørnafjorden kommune nyttar ein eit rammeverk der ein deler det førebyggjande arbeidet inn i tre nivå:

- 1) universell førebygging,
- 2) selektiv førebygging
- 3) indikativ førebygging/behandling.




Bufdir (2021)

Førebygging vert delt inn i tre tiltaksnivå: Tiltak som er retta mot «alle» reknast som befolkningsretta tiltak, for eksempel tiltak retta mot alle barn i barnehage/skule. Tiltak retta mot «nokre» blir kalla grupperetta tiltak. Dette kan være sårbare grupper som er utsett for ein eller fleire risikofaktorar som for eksempel barn med minoritetsbakgrunn, eller skilte foreldre i konflikt. Individretta tiltak er retta mot «få», og er berekna på personar som har utvikla vanskar, eller er i ferd med å utvikle sjukdom eller liding. Dette kan for eksempel vere barn med utagerande åtferd, foreldre som har rusproblem eller barn og vaksne med psykiske vanskar.

Forsking visar at førebygging er ei god investering i barn og unge sitt liv. Gjennom å investere i førebygging vil ein oppnå meir avkastning i form av humankapital, barn og unge vil ha betre forutsetningar til å få eit godt liv og meistre å bidra i samfunnet på lang sikt. Kurven under illustrerer at det er samfunnsøkonomisk lønsamt med tiltak tidleg i livet. Det vil seie «tidleg innsats», der ein gjennom eit godt førebyggjande arbeid klarar å hindre utvikling av problem og sjukdom, eller har tiltak som er tilgjengeleg og effektive når nokon møter utfordringar.

Tidlig innsats = smart investering

Heckman, 2011.



J. Heckman (2000)

Tidleg innsats

Bjørnafjorden kommune definerer «tidleg innsats» som tidleg inn i problemutviklinga uavhengig av alder, slik at barn, unge og familiar kan få rett hjelp til rett tid. Ved å definera tidleg innsats på denne måten klarar ein å fange om alle barn og unge, uavhengig av kor dei er i førebyggingspyramiden.

Omsorgssvikt

Barn har rett til ein oppvekst i trygge rammer, men ikkje alle føresette klarar å gje den omsorga, tryggleiken og sikkerheita eit barn treng. Dette aukar risikoen for at barnet vert utsett for omsorgssvikt. Omsorgssvikt kan kome til uttrykk på ulikt vis og Barne, ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) definerer omsorgssvikt på følgende måte:

«Omsorgssvikt er når barnet ikkje får dekkja fysiske, psykiske eller følelsesmessig behov, og barnet ikkje får den omsorga og beskyttelsen det treng».

Eksemplar på dette kan vere:

- Foreldre meistarar ikkje den grunnleggande praktiske omsorga, som å gje barnet godt stell, nok mat og god nok stimulering. I desse situasjonane kan barnet sin omsorgssituasjon bli prega av vanskjøtsel.
- Foreldre har alvorlege psykiske vanskar, rusmisbruk eller kriminalitet.
- Omfattande foreldrekonfliktar der barnet sin omsorgssituasjon vert skadelidande.

- Barnet vert utsett for seksuelle overgrep, vald, eller at barnet er vitne til vald.
- Foreldre har ikkje evne eller kapasitet til å ivareta barn med særskilte behov eller barn med store åtferdsvanskar.

Åtferdsvanskar

Åtferdsvanskar kjem til uttrykk på fleire måtar, men er kjenneteikna av ulike formar for regelbrytande- eller utagerande åtferd. Åtferda er gjentakande over tid og er tydeleg utanfor det som vert vurdert som sosialt akseptabelt. Barne- og ungdomsåra er prega av store følelsesmessig og sosiale endringar og det er særleg i desse åra at åtferdsvanskar kan oppstå. Oppfølgingsstudiar visar at tidlege åtferdsvanskar hos barn utgjør ein risikofaktor for fleire psykiske, fysiske og sosiale problem hos ungdom og vaksne (Folkehelseinstituttet 2020).

Tverrfagleg samarbeid

Bjørnafjorden kommune har over fleire år satsa på tverrfagleg samarbeid, og ser på dette som ein suksessfaktor for å lukkast med førebygging og tidleg innsats. For å oppnå dette er ein avhengig av at dei som møter barn, unge og familiar samarbeider. Vår samarbeidsmodell tar utgangspunkt i at barn, unge og familiar med behov for kommunal bistand alltid er ein del av løysinga.

Medverknad

Bjørnafjorden kommune definerer medverknad innanfor to områder. Brukarmedverknad som omhandlar medverknad frå den som mottar tenester og foreldreinvolvering som omhandlar at føresette skal vere ein samarbeidspartnar i å finne gode løysingar.

3. SATSINGSOMRÅDER

Det finnes ingen eintydig definisjon av kva førebyggjande arbeid er eller skal bestå av. Det er lettare å sei noko om kva hensikta med førebygging er. Førebygging skal eliminere og/eller avgrensa uønskt utvikling. Førebyggjande arbeid retta mot barn og unge handlar først og fremst om å legge til rette for eit godt oppvekstmiljø for alle. Dette samfunnsansvaret delast av fleire, og det blir skapt gjennom eit samspel mellom offentlege og private aktørar, familie, nærmiljø og positive kreftar i lokalsamfunnet. Førebyggjande innsats må i stor grad skje på dei arenaer kor barn og unge er. Ein må oppdage kven som har behov for ekstra bistand, ein må ha eit tenestetilbod for å gje rett hjelp til rett tid, og ein må samarbeide med barn, ungdom og foreldre i tillegg til andre hjelpetenester for å skape endring og resultat.

Planen sine satsingsområde er:

1. Tidleg oppdaging av barn og unge i risiko
2. Rett hjelp til rett tid
3. Tverrfagleg samarbeid
4. Medverknad

3.1 Tidleg oppdaging av barn og unge i risiko

MÅL:

Alle tilsette som arbeider med barn, unge og familiar skal ha fagkunnskap om teikn og signal som gjer grunn til uro og kunne handle til det beste for barn og unge.

Felles kunnskapsgrunnlag og kompetanse

Kunnskap er avgjerande for å kunne oppdage barn og unge som er i ein vanskeleg livssituasjon eller som vert utsett for overgrep. Gode arenaer for førebygging er avhengig av vaksne med kompetanse til å observera, forstå det dei ser og handle til det beste for barn og unge. Dette inneber at kommunen sine tilsette skal ha evne til å analysere behov, ha kunnskap om kva som verkar og korleis ein kan iverksette tiltak. Godt førebyggjande arbeid fordrar og systemkompetanse og kunnskap om risiko- og beskyttelsesfaktorar, samt ressursar i lokalsamfunnet. Slik kunnskap bidrar til at ein veit kvar ein kan vende seg for å få tilgang på nødvendige virkemidlar og bistand.

Det førebyggjande arbeidet i Bjørnafjorden kommune tar utgangspunkt i kunnskapsmodellen «Barns behov i sentrum» Denne modellen visar behova som må dekkast for at barn skal ha best mogleg utvikling, ut frå tre hovudaspekt (Bufdir, 2021 b). Dei tre aspekta er: 1) Barnets utvikling, 2) Foreldra si omsorg og 3) Familie og miljø.

Barnets behov i sentrum

- en kunnskapsmodell



Barnets utvikling:

1. **Helse** handlar om både fysisk og psykisk helse, allmenn helsetilstand, og oppfølging av og kontakt med helsetenester og tannlege.
2. **Barnehage og skule** handlar om kognitiv fungering, trivsel, fagleg fungering, motivasjon for læring og fråvær.
3. **Følelsar og uttrykk** handlar om barnet sin følelsesmessige- og åtferdsmessige utvikling og uttrykk. Det kan være emosjonelle vanskar, utfordrande åtferd, temperament, sjølvbilde, kulturell identitet, sosiale ferdigheiter og sjølvstende.
4. **Venar og fritid (sosiale relasjonar)** handlar om barnets relasjonar til og kontakt med foreldre, rolle og fungering i familien, relasjonar til søsken og vaksne utanfor familien, interesser og deltaking i fritidsaktivitetar, lek og relasjonar til venner og jamgamle.

Foreldre si omsorg:

1. **Grunnleggande omsorg** handlar om foreldre sin ivaretaking av barnets grunnleggande fysiske, emosjonelle og materielle behov, kvardagsrutinar og barnets ansvar i heimen.
2. **Følelsmessig tilgjengelegheit** handlar om barnets stabilitet i kontakt med sine omsorgspersonar, foreldre sin evne til følelsmessig regulering av barnet, deira støtte og beskyttelse av barnet og deira evne til å forstå barnet og sjå barnet sitt behov.
3. **Stimulering og rettleiing** handlar om foreldre si evne til individtilpassa stimulering og rettleiing av barnet og foreldre si markering av grenser og respekt for barnets integritet.
4. **Beskyttelse** handlar om foreldre har tilsyn med barnet. Dette kan handla om beskyttelse mot fare i kvardagen og fysisk, psykisk eller seksuell vald, eller det å være vitne til vald og overgrep.

Familie og miljø:

1. **Familieforhold** handlar om familiestrukturane kring barnet. Dette gjelder både den noverande familiesituasjonen, bakgrunn og historikk. Det kan være korleis familien er sett saman, forholdet familiemedlemmene imellom, fysisk og psykisk helse, funksjonsnedsetting, rusmisbruk og kriminalitet, nære relasjonar og tidlegare livserfaringar.
2. **Bustad, arbeid og økonomi** handlar om stabilitet og kvalitet kring bustad, tal flyttingar, arbeid, sysselsetting, økonomi og korleis barnet blir påverka av desse faktorane.
3. **Nettverk og sosial integrering** handlar om dei personane barnet og familien har kontakt med. Dette gjeld både private og profesjonelle relasjonar.

Risiko- og beskyttelsesfaktorar omfattar både genetiske, biologiske, mentale, miljømessige og sosiale faktorar. Omgrepet beskyttelsesfaktorar vert først nytta når faktoren har dempende effekt på ein risikofaktor, elles kallar ein det ressursar (Kvella, 2016).

Samtaler med barn

Dersom ein er uroa for barn og unge skal tilsette ha kompetanse til å kartlegge og gjennomføra avdekkande samtaler med barn og unge. Kommunen bruker og aktivt verktøyet «snakkemedbarn.no» og har sidan 2016 gjennomført kompetanseheving i samtaler med barn for tilsette i Oppvekst. Målet er at tilsette som jobbar med barn og unge skal ha kompetanse og vere trygge nok i samtalar med

barn og unge til å kunne oppdage, avdekke og handle dersom ein ser at barn har det vanskeleg eller er utsett for vald eller overgrep.

3.2 Rett hjelp til rett tid

MÅL:

Alle tilsette som arbeider med barn, unge og familiar skal ha kunnskap om kvarandre og evne til å igangsette tiltak for å sikre barn og unge rett hjelp til rett tid.


Barnehage og skule

Gode barnehagar fremmar språkutvikling, læring og sosial kompetanse. Barnehagen kan og kompensera for belastningar som barn opplever på andre område, gjennom god omsorg og trygg vaksenkontakt. Skulen skal gje barn og unge utdanning og kompetanse slik at dei har eit godt utgangspunkt for livslang læring, arbeid og deltaking i samfunnet. Skule og barnehage er og ein arena for utfolding, vennskap, sosialisering og følelse av tilhøyrse. Barnehagar og skular prega av eit trygt og godt sosialt miljø aukar barn og unge si oppleving av meistring og gir eit godt grunnlag for læring og utvikling.

Barnehagar og skular er viktige arenaer for å kunne oppdage og hjelpe utsette barn og unge. Dette fordrar at tilsette har kunnskap til å sjå barn som er i ein vanskeleg situasjon og har kompetanse til å hjelpa, for eksempel ved å vite kvar ein skal ta kontakt seg dersom barnet og familien treng hjelp. Å kunne handle inneberer og evne til å samhandla med foreldre eller med andre tenester som kan bidra med nødvendig kompetanse og tiltak.

Organisering av tenestetilbodet til barn, unge og deira familiar

Eit godt førebyggjande arbeid er avhengig av at kommunen har relevante treffsikre hjelpetilbod frå ulike tenester. Familiens hus er ei samorganisering av fagtenestene til barn, unge og familiar innan oppvekstfeltet i Bjørnafjorden kommune. Målet med samorganiseringa er at barn, unge, familiar og tilsette raskt skal kome i kontakt med rett teneste. Familiens hus skal ha tilbod om hjelp og støtte både på system- og individnivå. Tenestetilbodet skal famne om universelle, selektive og indikerte tiltak. På individnivå skal Familiens hus sine hjelpetilbod ha eit spenn frå svangerskap, gjennom barneåra til vaksenlivet. Familiens hus består av følgande einingar og avdelingar.



Tiltaksoversikten

I samband med utvikling og implementering av BTI – modellen (Betre tverrfagleg innsats) er det utarbeida ein tiltaksoversikt over kommunen sine hjelpetilbod. Denne er tilgjengeleg for alle tilsette og innbyggjarar i kommunen. Dette gjer det enklare å få oversikt over kvar ein kan få rett hjelp til rett tid.

[Tiltaksoversikt BTI.](#)


3.3 Tverrfagleg samarbeid

MÅL:

Alle tilsette som arbeider med barn, unge og familiar skal arbeida målretta, effektivt og heilskapleg utan at det oppstår brot i oppfølginga

I saker der fleire tenester er involverte rundt barn, unge og familiar, er samarbeid med føresette og barnet, og tverrfagleg samarbeid mellom tenestene, avgjerande for å sikre heilskapleg tilnærming og nødvendig endring. Familien er alltid ein del av løysinga og deira oppleving av likeverd og respekt er avgjerande for eit godt samarbeid. For å få dette til har Bjørnafjorden kommune valt å implementere verktøyet [Betre Tverrfagleg innsats \(BTI\)](#).

BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre som det er knytt undring eller bekymring til og fungerer som ein rettleiar for korleis tilsette skal gå fram i arbeidet. Formålet med BTI er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidrar til tidleg innsats, samordning og medverknad.



Nivå 3: Beskriver mer omfattende tverrfaglig samarbeid mellom flere tjenester.

Nivå 2: Beskriver enkelt tverrfaglig samarbeid mellom fortrinnsvis to tjenester

Nivå 1: Beskriver innsats innenfor hver enkelt tjeneste

Nivå 0: Avklarer om det er grunn til bekymring.

Sentrale haldningar til samarbeid på tvers

I tverrfagleg samarbeid har dei som deltek i samarbeidet ei sentral rolle i å skape eit trygt samarbeidsklima. Forsking viser at dersom tverrfagleg samarbeid skal ha effekt, må alle deltakarane oppleve eit klima med tillit og trygghet, der ein fritt kan uttrykke seg, dele erfaringar, vere kreative, bidra med kunnskap og uttrykke fagleg uenigheit (Martinsen et.al 2014).

Tilsette i Bjørnafjorden kommune skal difor prioritere å sette av tid til å etablere eit godt tverrfagleg samarbeid. Vi skal bli kjent på tvers av ulike tenester og få kjennskap til dei ulike tenestene sine fagområde, bygge eit robust «lag rundt barnet/familien» og å etablere ei felles forståing av barnet/familien sitt utfordringsbilete, behov og mål for det vidare tverrfaglege arbeidet.

I tverrfagleg samarbeid kan det vere ulike samarbeidspartnarar i ulike fasar av samarbeidet. Det er derfor viktig at det er tydeleg kven som til ei kvar tid samordnar hjelpa som vert gjeven. Ansvarleg for samordninga skal ha fokus på å oppretthalde eit trygt klima for involvering, dialog og samarbeid gjennom heile prosessen.

Nokre gonger trengs det fleire på laget

Bjørnafjorden kommune har ulike samarbeidsforum både på system og individnivå. Nokre gonger kan det vere behov for å drøfte saker på tvers av sektorar, einingar og andre hjelpeinstansar. Å samle laget for å samordna den hjelpa barnet, ungdommen eller familien treng er eit viktig element i Bjørnafjorden kommune sin plan for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Eit døme på slike samarbeidsfora er Familiens hus sitt tverrfaglege drøftingsteam. I tverrfagleg drøftingsteam samlar ein alle som arbeider med barnet/familien og saman prøver ein å finne fram til ulike løysningar. Drøftinga skal alltid skje etter samtykke frå føresette og ungdom over 15 år. [Les meir om tverrfagleg drøftingsteam her](#). Andre samarbeidsarenaer kan ein finne oversikt over i [tiltaksoversikten i BTI](#) (Betre tverrfagleg innsats).

3.4 Medverknad

MÅL:

Alle tilsette skal sikre involvering, dialog og samarbeid med barn, unge og familiar i saker som vedkjem dei.

Brukarmedverknad handlar om den enkelte brukar sine rettar og moglegheiter til å ha innflytelse i eigen sak og eige tenestetilbod. Barn sin rett til å bli høyrtd, er nedfelt blant anna i barnekonvensjonen, art. 12. Tilsette i Bjørnafjorden kommune skal difor involvere barn og unge i saker som vedkjem dei.

Barn og unge har rett på god og tilpassa informasjon slik at dei kan medverke når det skal takast avgjersler som vedkjem dei. Tilsette skal lytte til og vektlegge det barn og unge formidlar, i samsvar med barnet sin alder og utvikling.

Foreldreinvolvering handlar om at føresette i utgangspunktet skal vere ein del av løysinga. Dei kommunale tenestene skal derfor involvere og samarbeide med føresette så tidleg som mogleg etter at det har oppstått uro for eit barn. Foreldreinvolvering inneber og at føresette på eige initiativ kan involvere kommunale tenester dersom dei er bekymra for eigne eller andre sine barn. Involveringa av føresette har både ei etisk og fagleg grunngjeving. Den etiske dreier seg om å respektere det overordna ansvaret føresette har for eigne barn. Det faglege dreier seg om at føresette ofte er ein avgjerande aktør, og heimen ein viktig arena, i det førebyggjande, selekterte og indikerte arbeidet med barn og unge.

Familieråd og nettverksarbeid

Nettverksarbeid som til dømes familieråd og nettverksmøter er gode verktøy for å saman finne løysningar med barn, unge og familiar. Familieråd er eit kommunalt tilbod til barn, ungdom og familiar som har behov for hjelp til å finne gode løysingar på det som er vanskeleg, anten det er heime, på skulen eller fritida. I eit familieråd blir familie, slekt, venner, naboar eller andre sentrale personar i nettverket inviterte til eit møte. Målet for møtet er saman å komme fram til ein plan som skal gjere livssituasjonen betre for familien - og spesielt for barnet eller ungdommen. [Les meir om Familieråd her.](#)

Innbyggarråd

Bjørnafjorden kommune ved Familiens hus ønskjer å etablere eit innbyggarråd. Eit slikt råd vil kunne gje tilbakemeldingar og råd til kommunen slik at vi kan tilpasse vårt tenestetilbod ut frå tilbakemeldingar frå dei som mottok tenester retta mot barn, unge og familiar. På denne måten kan ein sikre ein breiare og meir spissa brukarmedverknad og treffsikre tenester. Målet er at eit slikt innbyggarråd blir etablert i løpet av første del av planperioden.

4. REFERANSAR

[Barnevernsreformen/ Oppvekstreform](#)

[Barnevernsloven](#)

[Barne, ungdoms- og familiedirektoratet](#)

[FN sin barnekonvensjon](#)

[Folkehelseinstituttet \(2020\)](#)

[Folkehelseoversikt Bjørnafjorden kommune 2023 - 2026](#)

[Forebygging.no](#)

[J.Heckman \(2000\)](#)

Helsedirektoratet. (2019). [Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge. Nasjonal faglig retningslinje.](#)

Helsedirektoratet (2023) [Psykisk helsearbeid barn og unge.](#) Nasjonal veileder.

Helsedirektoratet (2024) [Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier.](#) Nasjonal veileder.

Innspel frå tilsette i Bjørnafjorden 2021 i samband med Oppvekstreforma

Kompetansekartlegging barnehage og skule (I folkehelseprosjektet Verd-Sett)

[Samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune 2023 -2035.](#)

Spørjeundersøking foreldre i Bjørnafjorden 2021 i samband med Oppvekstreforma

Statusrapport barns levekår og barnefattigdom 2020

Tilstandsrapportar barnevernstenesta

[Ungdata 2024.](#)

0-punkt undersøking i etableringa av BTI 2022

